

Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
073/21	Formannskapet	PS	03.06.2021
055/21	Kommunestyret	PS	16.06.2021

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Odd Harald Dommersnes	FE-150	21/581

Rullering av økonomiplan

Vedlegg

Revidert nasjonalbudsjett 2021 og kommuneopplegget for 2022
Godkjenning av budsjett 2021 og økonomiplan 2021-2024
Økonomiplan 2022-2025

Framlegg til vedtak:

Kommunestyret vedtek økonomiplanen 2022-2025 slik han ligg føre.

1. Orientering om førebels økonomiplan 2022 - 2025 vert teke til vitande.
2. Strategidokument for Austrheim kommune vert utarbeidd som grunnlag for endeleg økonomiplan 2022-2025 og lagt fram for kommunestyret i samband med budsjett 2022
3. Rådmannen arbeider vidare med kartlegging av investeringsbehov for å sikre betre økonomisk drift. Eventuelle nye investeringsbehov vert innarbeidd i endeleg framlegg til økonomiplan 2022 - 2025 som skal til politisk handsaming hausten 2021.

Formannskapet - 073/21 - 03.06.2021

FS - behandling:

Kommunalsjef økonomi og personal, Odd Harald Dommersnes, gjekk gjennom saka.

Ordførar Per Lerøy (Ap) viste til at det i nabokommunar har variert veldig mellom estimata for inntekter og utgifter, det har ein ikkje hatt her i Austrheim.

Per Lerøy (Ap) sa om demografi og utgifter at folk er sprekare enn før opp i alder, men må legga til rette med omsorgsbustader slik at folk kan bu heime lenger, og ha eit tenestetilbod som er tilrettelagt. Rigga Nordliheimen på ein effektiv måte.

Helge Dyrkolbotn (KrF) sa at tilbod som Furuly og andre er ein viktig del av dette, Per Lerøy svar at det ikkje er mål at kommunen skal bygga. Bra som på Furuly at det er samla, heimhjelp kan svinga innom fleire bebuarar på same turen.

Inger Lise Brekke (H) sa at kommunen får meir og meir ansvar, for demente, for unge pleietrengande og for dei som vert raskare utskrivne frå sjukehus etter inngrep eller liknande.

Ordfører Per Lerøy (Ap) sa ein må satsa på at eldre bur heime lengre, og vidare bruk av omsorgsteknologi og bygging av omsorgsbustader.

Inger Lise Brekke (H) spurte om det finnest ei oversikt over kva som ikkje er lovpålagt. Bjørnar Fjellhaug svara at dette skal synleggjerast gjennom budsjettarbeidet. Både sjå på kva tenester ein skal tilby, og kva nivå det skal vera på desse tenestene.

Inger Lise Brekke (H) sa at det kan vera ikkje-lovpålagde tenester der ein ser at ringverknadene er store at det er verdt det å halda oppe støtta.

Helge Dyrkolbotn (KrF) sa at det også handlar om at eit tilbod som kanskje ikkje er lovpålagt, kan vera det som fører til at folk flyttar til kommunen, og då er det ei investering som er verdt det.

Ordfører Per Lerøy (Ap) sa at det er viktig å satsa på tilflytting, for utviklinga vidare. Om disposisjonsfondet sa Lerøy sa at dette bør formulerast slik at det skal vera på eit visst nivå som snitt over tid, som ein buffer.

Morten Sognnes (H) sa at ein åtte års økonomiplan kan sjåast på som ein strategiplan.

Odd Harald Dommersnes sa at det for åra framover er lagt opp til auke for sektoren helse, omsorg og frivillige tenester, men dei andre sektorane ligg flatt.

Inger Lise Brekke (H) sa at løyvinga til steinalderstien ved Fosnstraumen kan gå ut, andre kan ta denne kostnaden.

Helge Dyrkolbotn (KrF) sa at det er fornuftig om formannskapet tar ei drøfting saman med administrasjonen om kva som skal vera måla for kommunen framover. Gjerne eit møte der ein jobbar med måla, utan å gjera noko vedtak.

Kommunedirektør Bjørnar Fjellhaug sa at det frå budsjettsamlinga 25. mai vart gjort ei slik bestilling om drøftingsmøte, og at det er viktig å setja nokre mål.

Helge Dyrkolbotn (KrF) sa at det er viktig å tenka høgt saman om dette, sjå på kva ein kan gjera for å få folk til å flytta til Austrheim.

Inger Lise Brekke (H) sa at det er like viktig å halda på dei innbyggjarane ein har, som å få tak i nye.

Per Lerøy (Ap) svara at det må vera første mål å få dei som er frå Austrheim til å bli buande, eller flytta heim igjen.

Morten Sognnes spurte om status for steinalderstien i Fosnstraumen. Kommunedirektør Bjørnar Fjellhaug sa at det er fleire utfordringar her:

- Er gitt midlar frå fylket, men desse kan ikkje brukast til skogrydding.
- Strenge krav på korleis skogryddinga skal gjennomførast.
- Er på annan manns grunn, må anten kjøpa eller få ein langsiktig avtale med grunneigar.
- Har måtta betala tilbake ein del midlar på grunn av sein framdrift, men Riksantikvaren har signalisert at ein kan søka seinare når ein er klare til å gå i gang.

Handsaming i formannskapet:

Samrøystes for rådmannen sitt framlegg til vedtak

FS - vedtak:

Kommunestyret vedtek økonomiplanen 2022-2025 slik han ligg føre.

Kommunestyret - 055/21 - 16.06.2021

KS - behandling:

Økonomi- og personalsjef Odd Harald Dommersnes orienterte om saka.

- Løpande drift skal finansierast med løpande inntekter.

- Det er krav om rulleringar av økonomiplanen årleg.

- Ser at utgiftene aukar, men ikkje at inntektene aukar.
- Kjem ikkje utanom at ein må gjera nokre prioriteringar.

Ordførar Per Lerøy (Ap) sa at det skal gjevast nokre signal om føringar for budsjett 2022 og framover. Endeleg vedtak av budsjett og økonomiplan skjer i desembermøtet.

Odd Harald Dommersnes sa at det viktig med føringar. Administrasjonen treng tydelege signal.

Helge Dyrkolbotn (KrF) sa at han kjenner seg trygg på at økonomisjefen har kontroll på tala. Politikarane må ha kontroll på økonomien og planen framover. Ikkje nøgd med det verdtalet ein gjorde i formannskapet, har nytt framlegg til vedtak:

- 1. Orientering om førebels økonomiplan 2022 - 2025 vert teke til vitande.*
- 2. Strategidokument for Austrheim kommune vert utarbeidd som grunnlag for endeleg økonomiplan 2022-2025 og lagt fram for kommunestyret i samband med budsjett 2022*
- 3. Rådmannen arbeider vidare med kartlegging av investeringsbehov for å sikre betre økonomisk drift. Eventuelle nye investeringsbehov vert innarbeidd i endeleg framlegg til økonomiplan 2022 - 2025 som skal til politisk handsaming hausten 2021.*

Heile kommunestyret vert kalla inn til strategisamling i midten av september. Ordførar Per Lerøy (Ap) sa at det vert gjeve nokre føringar frå politisk til administrasjonen under strategiseminaret.

Aslak Bakke (H), spurte om sjukefråværet. Når byrjar alarmen å ula? Når skjer det noko når tala går opp? Bør inn i målsettingane slik at det er klart kommunisert til dei tilsette. Bakke spurte kor mykje som er korttids- og langtidsfråvær. Odd Harald Dommersnes svara at dette med fråvær vert det jobba med gjennom nærværprosjektet.

Ordførar Per Lerøy (Ap) sa at han støtta KrF sitt framlegg til vedtak. Må jobba vidare med dette utover hausten.

Handsaming i kommunestyret:
Samrøystes for KrF sitt framlegg til vedtak.

KS - vedtak:

1. Orientering om førebels økonomiplan 2022 - 2025 vert teke til vitande.
2. Strategidokument for Austrheim kommune vert utarbeidd som grunnlag for endeleg økonomiplan 2022-2025 og lagt fram for kommunestyret i samband med budsjett 2022
3. Rådmannen arbeider vidare med kartlegging av investeringsbehov for å sikre betre økonomisk drift. Eventuelle nye investeringsbehov vert innarbeidd i endeleg framlegg til økonomiplan 2022 - 2025 som skal til politisk handsaming hausten 2021.

Saksopplysninger:

Bakgrunn.

Kommunar skal utarbeida fireårige økonomiplanar og årlege budsjett. Økonomiplanen og årsbudsjettet skal vedtakast med økonomisk balanse, og byggje på realistiske forventningar om utviklinga i inntekter og utgifter.

Kommunelova stiller krav om at den løypande drifta berre skal finansiere av løypande inntekter.

Økonomiplanlegging skal bidra til ressursane blir utnytta på best mogeleg måte, og er grunnlaget for at tenestetilbodet blir tilpassa utviklinga i innbyggjarane sine behov og utviklinga i inntektene. God planlegging av økonomi og tenestetilbodet bidreg til å styrke det lokalpolitiske handlingsrommet. Kommunestyret skal sjølv vedta økonomiplanen og årsbudsjettet, her under prioritere ressursbruken på dei ulike tenesteområda. Kommunestyret har ansvaret for at årsbudsjettet blir halden, og skal iverksetje tiltak gjennom året som er naudsynt for å oppretthalda budsjettbalansen. Kommunar og i økonomisk ubalanse er underlagt ordninga med statleg budsjettkontroll og godkjenning av låneopptak (ROBEK).

Ved rulleringa av økonomiplanen må dei folkevalde kunne ta stilling til alle endringar i aktivitetsnivået. Ei mogeleg tilnærming er at det i ein tidleg fase blir informert om planføresetnadene og korleis dette påverkar det konsekvensjusterte budsjettet og økonomiplanen. Dersom kommunestyret gjev sin tilslutning til at endringar i aktivitetsnivå som følge av endringar i kommunen si folketalssamansetjing skal dette innarbeidast før ein startar prioriteringsdiskusjonen på politisk nivå, kan administrasjonen ta omsyn til dette og innarbeide det i utkastet sitt.

I første halvdel av oktober blir framlegget til regjeringa sitt statsbudsjett lagt fram. Med dette vil kommunane sine inntekter med svært stor grad av trefftryggleik vere gitt. Det vil også liggje element av bindingar på utgiftene. Administrasjonen vil måtte innarbeide desse konkrete elementa. Dette vil vere grunnlaget for formannskapet si innstilling. På dette tidspunktet skal formannskapet ha føresetnad til å setje opp eit fullstendig budsjett. I tillegg bør det liggje føre utrekningar for inntekter og utgifter ved ulike tiltak som ikkje er ein del av formannskapet si innstilling. Dette for å gje andre politiske aktørar, interessegrupper, administrasjonsutval og innbyggjarar høve å la seg høyre og eventuelt utarbeide alternative framlegg. I tillegg vil ein god oversikt over alternative framlegg kunne handsamast i dei politiske avgjersdorgana mot slutten av budsjettprosessen utan at det blir for ressurskrevjande. I denne perioden er det dei folkevalde som bør vere framtrudande på arenaen.

Vurdering.

Det må etablerast ei felles situasjonsforståing av det økonomiske utgangspunktet i Austrheim før tenesteområde kan prioriterast opp eller ned. Det er difor i framlegget til rullering ikkje blitt gjort større endringar i høve til budsjettplanen for 2021-2024. Dei vala ein gjer må byggje på analysar av nosituasjonen, langsiktige konsekvensar av endringar i folketalet og behov for tenester mv., og langsiktige konsekvensar av lokalpolitiske mål for utviklinga av kommunen. Økonomiplanlegginga bidreg til at prioriteringsdiskusjonen kan ha eit realistisk grunnlag som reflekterer kva det faktisk er mogleg å oppnå i kommunen, samstundes som kommunen sikrar seg økonomisk balanse og eit godt grunnlag for å yta eit godt tenestetilbod over tid. Det er tidkrevjande å skape ei felles situasjonsforståing, og det er difor viktig å skape ei slik forståing tidleg i økonomiplanprosessen og budsjettarbeidet.

For å bidra til ei felles forståing av Austrheim kommunen sin økonomiske situasjon er der ei rad ulike spørsmål som ein bør stille ved rullering av økonomiplanen

• Er Austrheim kommunen sin økonomi i balanse?

Vi har for dei 2 siste åra ei positiv økonomisk utvikling som gjer at vi no med framlegginga av rekneskapen for 2020 vil kunne bli meldt ut av Robek

- **Kva for statlege føringar kan vi forventa?**

Det er ikkje framlegg om vesentlege endringar i inntektssystemet frå 2021 til 2022 for kommunane. Det er gjeve signal om ein realvekst i dei frie inntektene for kommunane på mellom kr 1,6 mrd. og kr 2,0 mrd. frå 2021 til 2022. Veksten er rekna frå det pårekna inntektsnivået 2021 som no er lagt til grunn i revidert nasjonalbudsjett. Det vil seie at pårekna meirskatt i revidert nasjonalbudsjett, kr 2,7 mrd., er med i grunnlaget når veksten til 2022 blir rekna. Mellombelse tiltak, som koronatiltaka, vil ikkje inngå i grunnlaget for veksten til 2022. Den pårekna inntektsveksten er realauke. Priskompensasjon frå 2021 til 2022 vil difor kome som eit tillegg i inntektene. Prisindikatoren som blir nytta til priskompensasjon, vil bli kjend i statsbudsjettet til hausten. Innlemming av øyremerka tilskot i rammetilskotet kjem også som eit tillegg til realauka i dei frie inntektene. Veksten i dei frie inntektene må blant anna finansierte auka demografikostnader.

Den delen av veksten i kommunesektoren sine demografikostnader som må bli finansierte av dei frie inntektene, er førebels rekna til kr 936 mill. Denne veksten kan bli fordelt med kr 566 mill. på kommunane og kr 370 mill. på fylkeskommunane. Det er stor uvisse knytt til desse overslaga. Det kommunale skatteøyret for 2022 vil bli fastsett ved handsaminga av statsbudsjettet for 2022. Det blir lagt opp til å fastsetje skatteøyret på grunnlag av målsetjinga om at skatteinntektene skal utgjere om lag 40 prosent av kommunane sine samla inntekta

- **Korleis vil utviklinga i rentenivå påverka kommunen?**

Vi har no i ein lengre periode hatt eit historisk lågt rentenivå, signala frå Noregs Bank er at ein kan forventa ei renteheving i 2022. I samband med at vi nå i 2021 gjennomføre refinansiering av låna våre så forventar kommunedirektøren at endra rentenivå i mindre grad vil påverka kommunen sin økonomi. Det er i rulleringa av budsjettplanen lagt opp til at vi ikkje får auke i våre finanskostnader.

- **Korleis vil folketalet og folketalssamansetjinga i kommunen utvikle seg dei komande åra?**

Vi ser utifrå oppdaterte tal frå SSB at gruppa over 80 år veks, dette skjer alt frå 2021 og i heile planperioden. Det er derfor i rulleringa tatt inn ein auka kostnad frå 80,9 millionar i 2021 til 85 millionar i 2025

- **Kva delar av Austrheim kommunen sitt tenestetilbod kan forvente auka etterspurnad?**

Ut frå endra demografisk samansetjing så vil ein kunne forventa auka etterspurnad etter tenester innan helse og omsorg.

- **Kva delar av kommunen sitt tenestetilbod kan forvente redusert etterspurnad?**

Kommunedirektøren har i sitt framlegg til rullering ikkje lagt inn reduksjon i løyvingane til dei einskilde sektorane.

- **På kva områder vil kostnadene auke i framtida dersom det ikkje vert teken grep i dag?**

Det er behov for at ein ser nærare på om den faste kostnadsdelen (løn) er for høg i høve til den samla budsjettamma. Det er no gjennomført ei endring i organiseringa av kommunen utan at ein har sett nærare på økonomien ved denne endringa. Kommunen bør i større grad ha fokus på lovpålagte tenester versus ikkje-lovpålagte tenester.

• Kva alternativ har kommunen for å dekkje dei identifiserte framtidige behov?

Det fins 2 måtar å dekkja framtidige behov på, anten gjennom å redusere kostnadane eller å auka inntektene. Historisk har ein hatt fokus å kutte kostnader, og kanskje ikkje hatt like stort fokus på å auka inntektene gjennom å selje tenester til andre kommunar evt. auke talet til innbyggjar gjennom tilflytting.

• Kor ligger usikkerheitene/risikoane, og korleis handterer kommunen dei?

Kommunedirektøren har i rulleringa ikkje lagt inn investeringar for 2025, då ein bør ta ein grundig diskusjon knytta til investeringar utover dei som inngår i sjøvkostområdet. Vi skal i denne 4-årsperioden gjennomføre fleire store investeringar som vil påverka økonomien vår. Dette gjeld:

- Oppgradering av skulane våre
- Opprusting av Nordli heimen
- Bygging av omsorgsbustadar

Desse investeringane vil vera monalege og avgrensa kommune sitt handlingsrom til å gjennomføre andre større investeringar. Det at vi i perioden skal auke låneopptaket som gjev større avdrag samstundes som vi skal byggje opp eit monaleg disposisjonsfond gjev grunnlag for at ein må prioritera i planperioden. Ein måte som kan gje oss handlingsrom er å bruka lengre tid på å byggja opp disposisjonsfondet. Ein ser i rulleringa av økonomiplanen at nettoavsetningar ligg på mellom 6,5 til 9,3 millionar for dei åra som inngår i planen.

Konklusjon

Som ein ser i rulleringa av langtidsbudsjettet så er det ikkje forventna monaleg auka i inntektene våre. Dette gjer at fokus dei neste 4 åra vil vera å redusere kostnadsdelen. Kommunedirektøren meiner at ein i samband med budsjett 2022 og i planperioden bør setja konkrete mål for god økonomistyring i Austrheim kommune. Døme på slike mål kan vera:

*Kommunen si langsiktige planlegging skal ha mål om ei berekraftig økonomisk utvikling som tek i vare notida sitt behov utan å stå i vegen for at framtidige generasjonar klarar å ta i vare sine behov (generasjonsprinsippet).

* Kommunen skal til ei kvar tid ha eit disposisjonsfond på minst 28 mill. kr som buffer ved eit eventuelt driftsunderskott.

*Kommunen skal ha ei lånegjeld som ikkje overstig gjennomsnittet for norske kommunar og samstundes tek i vare generasjonsprinsippet.

* Kommunen sin økonomiplan for dei fire neste åra skal sjåast i lys av det investering- og driftsbehov kommunen vil ha i eit perspektiv på inntil 8 år.

- Austrheim kommunen skal ha myndiggjorte leiarar med ansvar for og mynde til å disponere tildelte driftsrammer.

Kommunedirektøren tilrår at kommunestyret vedtek den framlagte økonomiplanen slik han ligg føre.

